

ÅRSMELDING FOR JONDAL SOKN 2025



DEN NORSKE KYRKJA
Jondal sokn

ÅRSMELDING FOR JONDAL SOKN 2025

JONDAL SOKNERÅD 2025

Rolle	2025
Leiar	Trygve Baggegård Myrlid
Nestleiar	Maria Eide Sørheim
Kasserar	Sveinung Toreid
Skrivar	Eli Galtung Torsnes
Medlem	Ida Sofie Holmen
Medlem	Ingebjørg Grøtt
1. vara	Silje Margrete Fjærtoft
2. vara	Rannveig Hammer
3. vara	Arjen Stolk
4. vara	Mona Stølheim Aasen

Soknerådet sin representant i Ullensvang kyrkjelege fellesråd har vore Trygve B Myrlid fram til hausten 2025. Frå september av og vidare framover er det Maria Eide Sørheim som er soknerådet sin representant.

TILSETTE

Arne Opsahl Engen vart tilsett i fast stilling som sokneprest i Jondal Sokn 1. August 2024, og me er svært glade for at han har fått ei fast stilling. På fleire områder ynskjer han å arbeida for endringar i kyrkjelydsarbeidet, mellom anna:

- Fornyng av gudstenesta
- Samarbeid med aktivitet i Herand bedehus
- Heimesida til Jondal kyrkje
- Besøkstenesta
- Konfirmantarbeidet (samarbeid mellom sokna i Ullensvang og i Ulvik sokn)

Kantor: Anne Karin Stormyr

Anne Karin Stormyr har i perioden 1. februar 2025 – 30. April 2026 hatt ei 15% stilling som trusopplærar i Jondal sokn.

Kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar: Bård Kråkevik vart tilsett i ei 80% stilling sommaren 2024. Han har vore delvis sjukemeld i 2025, og i perioden september-desember fungerte Eva Pettersen Myrliid som kyrkjetenar for inne-delen av jobben. Kyrkjegardsarbeidet vart delvis utført av fleire innleigde vikarar.

Medliturg: Alle sokna i Ullensvang kommune har frivillig/dugnadstjeneste på oppgavene som medliturg (ML, tidlegare klokkarteneste).

Klokkartenesta er løna i ei fast delprosentstilling. Haldor Tuvin som har denne stillinga ynskjer at løna skal gå til Jondal Kyrkjelyd. Tuvin har teke på seg ansvaret for å organisera og passa på at det alltid er en ML på gudstenestene. Alle som deltek som klokkar gjer dette på dugnad. Lønsmidlane går til Jondal Kyrkjelyd sitt arbeid blant born og unge.

Pr no er det tre personar i dugnadsteamet, soknerådet oppfordrer fleire til å delta i dugnaden. Ta kontakt med Haldor Tuvin om du kunne tenke deg å være ML.

KYRKJEMUSIKK

Kyrkjemusikalsk utval: Ida Sofie Holmen er Soknerådet sin representant, saman med Åse Marit Jørgensen (som forsett litt til).

Jondal Grendakor

Grendakoret er framleis aktive og er med i ulike samanhengar i kyrkja. Det er litt vanskelig med rekruttering, og det manglar stemmer (alt, bass, tenor). Men på trass av dette er det planlagt å ha ei 40-års markering til neste år, nærmare bestemt 4. september 2027. Dette ser me fram til.

Solstråla

Barnekoret Solstråla vart starta opp i 1979, og har såleis 50-års jubileum i 2029. Det er kring 15 medlemmer i koret, har øving kvar veke og deltek jamnleg på arrangement i kyrkja.

Jondal Ungdomskor

Jondal Ungdomskor var i 2025 konfirmantkoret V25 og konfirmantkoret H25 + ei eiga JUgruppe siste kvartal 2025.

Kantor Anne Karin Stormyr er dirigent for alle desse kora.

SOKNERÅDSARBEID

Soknerådsarbeidet har gått som planlagt, det er jobba godt og framdrifta har vore god. Samarbeidet med dei tilsette har vore bra. Me brukar årshjulet, det skal vere soknerådsmøte omtrent kvar månad. Dette har ikkje blitt heilt oppfylt i 2025, det vart 7 møter i løpet av året. Fokusområda er definert for kvar månad, samt oversikt over planlagde aktivitetar. Eit godt arbeidsreiskap om ein brukar planen aktivt og etter intensjonen.

Open kyrkje: Det har vore tradisjon at kyrkja har vore ope om sommaren i mange år. Dette vart ikkje gjennomført i 2025 grunna krav frå forsikringsselskapet om at dette ikkje kan gjennomførast utan at det er vakt til stades i kyrkja.

Oppsummering:

- Soknerådet har hatt 7 møter og behandla 47 saker i 2025.
- Det har vore ein kyrkjevert tilstades på dei fleste gudstenestene. Her har også konfirmantane bidratt på enkelte gudstenester.
- Det har vore kyrkjekaffi i etterkant av dei fleste gudstenester i 2025.
- På den tradisjonelle adventskonserten i desember var det mange aktørar; kor, korps og solistar var med og gjorde det til ei fin musikalsk oppleving!

Konfirmantjubileum

Det vart invitert til 50-års konfirmantjubileum i september for dei som vart konfirmerte i Jondal kyrkje 4. mai 1975. Heile konfirmantkullet på 13 vart invitert, men det viste seg at det var liten respons og arrangementet med kyrkjekaffi etter gudstenesta vart difor avlyst. Me prøver på nytt neste år!

BISPEVISITAS

Måndag 17. mars – søndag 23. mars 2025 var det bispevisitas i Ullensvang, ved biskop i Bjørgvin, Ragnhild Jepsen. Visitasen vart avslutta med Visitasgudsteneste i Jondal kyrkje søndag 23.mars. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffe og biskopen sitt visitasforedrag i Fleirbrukshallen på Jondal skule. Alle sokna i Ullensvang var inviterte til å vera med på visitasgudstenesta og det var tilnærma full kyrkje! Staben i Jondal og Jondal Grendakor tok initiativ til eit prosjektkor i samband med gudstenesta, og mange i Ukf staben vart også med.

GUDSTENESTER OG ANDRE SAMLINGAR

- **Gudstenester:** Det har vore 28 gudstenester i Jondal i 2025. 25 på sundagar, 3 på andre dagar.
- **2577 har delteke** fordelt på gudstenester. Det er i snitt 92 som har delteke på gudstenestene.
- **Salmekveldar/konsertar:** Det har vore arrangement konsertar, salmekveldar og musikkandakter.

- **Konfirmantane:**

Frå oppstart i september og fram til konfirmasjon i mai har det vore konfirmantsamlingar omlag annakvar torsdag. Samlingane starter med litt mat og ein sosial samling med leik og konkurranser. Kyrkjerommet vert nytta og truvedkjenninga det sentrale i undervisninga. Det har vore arrangert konfirmantleir på Helgatun i november felles for Utne, Jondal, Lofthus, Kinsarvik, Granvin og Ulvik.

STATISTIKK KYRKJELEGE HANDLINGAR

- **Vigslar: 2**
- **Dåp: 10**
- **Gravferder: 13**
- **Antal gudstenester: 28**
- **Konfirmerte: 10, laurdag 3. mai.**

ØKONOMI

Når det gjeld offerpengane er det framleis slik at oppfordringa frå Bispekontoret er fylgjande fordelingsnøkkel som før: 1/3 til organisasjonar/føremål innanlands, 1/3 del til føremål utomlands og 1/3 del vårt eige arbeid i kyrkjelyden. For 2025 vart det nokre tusen i overskot for Jondal Sokn.

Utdrag frå revidert og godkjend rekneskap er tilgjengeleg på årsmøtet.

KYRKJEMUSIKALSK ARBEID

Kantor har laga ei eiga årsmelding for kyrkjemusikalsk arbeid og tiltak i samband med trusopplæring.

Lenke til denne: [Årsmelding for kyrkjemusikalsk arbeid](#)

ANNA

- Det har vore 6 deltakarar på **babysong** i kyrkja i 2025. Kantor står for opplegg og gjennomføring. Eit flott tiltak for foreldre med småborn.
- **Dugnad** Den årlege dugnaden på kyrkjegarden og i Jondal vart gjennomført den fjerde laurdagen i april. Her var det svært dårlig oppmøte. To frå soknerådet (leiar og Ida Sofie, samt prest Arne. O Engen) Ingen konfirmantar møtte. - Dette er noko som soknerådet ynskjer litt meir engasjement kring.

- **Fasteaksjonen 2025:** Konfirmantane gjekk i nærområda og nokon blei køyrde ut i dei andre bygdene. Representantar frå Sokneråd var delaktig i tilrettelegging og oppteljing av bøsser.

VEGEN VIDARE

Me er eit sokneråd som ynskjer å bidra positivt inn i kyrkja vår.
Me ynskjer å ta i bruk allereie gode planar og få eit eigarskap til dette.
Alt i samarbeid med stab og dei frivillige som bidreg i arbeidet.



ME YNSKJER

Å bidra til at Jondal kyrkje er ei ope kyrkje, med aktivitet og stor høgde under taket og eit rom for alle dei som vil komma. Enkel kyrkjekaffi etter dei fleste gudstenestenr for å fremje sosiale møtepunkt. Open kyrkje med arrangement/kveldar der ein uformelt kan samtala om div tema. Soknerådet vi takke alle som kvar dag har tanke og engasjement for kyrkja vår!

Jondal, mars 2026
Trygve Baggegård Myrlid
Leiar